



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 13.10.2021
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug
Møtetid: 13:00 - 15:10

Frå kl. 08.30 var utvalet på synfaring på ulike industriområde i Mongstad-området og på Eikanger. Ordinær sakshandsaming starta kl. 13.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anita Bakken	MDG	Maya Greve - MDG

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Anny Bastesen-kommunalsjef, Børge Engedal-innkjøpssjef, Sondre Sognnes Haugen-rådgjever Plan og analyse, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen og om aktuelle prosjekt på Mongstad

Børge Brundtland-dagleg leiar i Industriutvikling Vest orienterte om framdrift i Green Spot Mongstad og Grøn plattform

Sakliste

Saknr	Tittel
107/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
108/21	Godkjenning av møteprotokoll
109/21	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 13.oktober

107/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

Øyvind Bratshaug-Høgre peika på at endra starttidspunkt for møtet også må oppdaterast i kalendervinga.

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste, med kommentaren til Bratshaug.

ND- 107/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

108/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for 1. september.

ND- 108/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

109/21: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 13.oktober

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

- Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen og om aktuelle prosjekt på Mongstad
- Børge Brundtland-dagleg leiar i Industriutvikling Vest orienterte om framdrift i Green Spot Mongstad og Grøn plattform
- Anny Bastesen-kommunalsjef orienterte om intensjonsavtale Intensjonsavtale mellom Equinor Refining Norway AS og Alver kommune om utbygging av vassforsyning til Mongstad industriområde

- Anny Bastesen-kommunalsjef gav status for bemanning og kapasitet i byggesaksavdelinga i kommunen
- Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte om oppfølging av Scenarionalsen for Nordhordland
- Sondre Sognnes Haugen-rådgjevar Plan og analyse orienterte om moglege utfordringar knytt til Scenarionalsen
- Børge Engedal-innkjøpsjef orienterte om korleis styrka lokalt næringsliv gjennom kommunen si rolle som innkjøpar?
- Politisk møteplan lagt fram

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarionalsen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelsar, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passande tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 109/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarionalsen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelsar, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passande tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

